



Uskedal idrettslag er eit av 9 lag i Uskedalen som vert tildelt midlar frå Grasrotandelen (Arkivfoto).

Uskedal Idrettslag toppar lista for lag og organisasjonar i Uskedalen som er tildelt tilskot frå Grasrotandelen. Heile kr. 101.576,- er overført laget sin konto. Samla grasrotandel til 9 uskedalslag er rundt kr. 190.000,-. Det er ein merkbar auke frå 2018. Den neste på lista er Uskedal skulemusikk med ei overføring på knappe kr. 40.000,-

Heile 148 frivillige lag og organisasjonar i Kvinnherad tek del i ordninga med Grasrotandelen frå Norsk Tipping med ei overføring på 2,56 mill. kr. Det er ein føresetnad for å få tilskot at laget er registrert i Brønnøysundregistret. Av desse er 9 lag frå Uskedalen med på lista.

- Uskedal idrettslag
- Uskedal skulemusikk
- Røyserett for Alle
- Uskedal ungdomslag
- Festidalen
- Uskedal helselag
- Uskedal utvikling
- Uskedal friluftslag
- Uskedal musikklag

340 tippingar i Uskedalen er registrert for bruk av Grasrotandelen.

Tekst/nett: Kristian Bringedal
Foto: Endre Myklebust